



SYKKYLVEN KOMMUNE

PLANPROGRAM

Høringsutkast

**RULLERING** Kommunedelplan områda kring Nysætervatnet

PlanID 15282023004



## INNHALD

1	Kva er kommunedelplan og planprogram?.....	3
2	Kvifor rullere kommunedelplanen? .....	3
3	Mål for planarbeidet .....	4
4	Prosess .....	4
5	Medverknad .....	5
6	Planområde .....	6
7	Rammer for planarbeidet.....	7
8	Utfordringar og moglegheiter for Sykkylven.....	8
9	Viktige tema i planarbeidet .....	9
10	Konsekvensutgreiing - utgreiingsbehov .....	10

Foto: O J Drotninghaug, N Hoftun og A Siejak



## 1 Kva er kommunedelplan og planprogram?

Denne kommunedelplanen er ein overordna arealplan for områda kring Nysætervatnet. Planen utgjør ein del av kommunen sin samla kommuneplan - arealdelen.

Planen viser samanhengen mellom arealbruk og kommunestyret sine vedtekne mål om ønska utvikling. Arealdelen er juridisk bindande og er eit viktig verktøy for å nå måla i samfunnsplanen.

Planprogrammet er første del i planprosessen. Programmet forklarar planprosessen, mål og rammer for planarbeidet, kva tema som skal belyst særskildt, korleis innbyggjarane skal kunne delta i prosessen, kunnskapsgrunnlag og kva utgreiingar vi har behov for.

Planprogrammet skal leggast ut til offentleg høyring saman med kunngjering om oppstart av planarbeidet.

Gjennom høyring og politisk handsaming av planprogrammet skal alle sikrast moglegheit til å påverke planarbeidet i tidleg fase.

### Lovgrunnlag

Heimel for krav om planprogram er plan- og bygningslova § 4-1 og § 6 i forskrift om konsekvensutgreiing

## 2 Kvifor rullere kommunedelplanen?

Gjeldande plan (PlanID 15282013001) vart vedtatt i 2014, og er nå den eldste delen av kommuneplanen sin arealdel.

Sykkylven kommunestyre vedtok i planstrategi for Sykkylven kommune 2021-2023 å starte rullering av kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet i løpet av 2023 (Kommunestyre-sak 13/21).

Grunnlag for vedtak om rullering ligg i alder på gjeldande plan, samt eit vesentleg endra utfordringsbilde sidan 2014.

Samfunnsplan for Sykkylven (2023) inneheld nye målsettingar knytt opp til berekraftig utvikling. Den inneheld også ein arealstrategi som presiserer at framtidig hytteutbygging skal vurderast i eit berekraftsperspektiv, og viktigheita av å sikre viktige natur- og friluftsområde.

Områda kring Nysætervatnet er attraktive friluftsområde både lokalt og i regional samanheng. Områda inneheld verdifulle naturkvalitetar, der er beiteområde for husdyr, det er eit reiselivsområde, det er hytteområde og det er viktige friluftsområde for allsidig bruk heile året. Interessene er mange og til dels motstridane.

Det er behov for å vurdere eksisterande områder for fritidsbustad med oppdatert og nytt kunnskapsgrunnlag. Områder som i dag er unytta byggeområder kan bli tatt ut av planen og erstatta med til dømes LNF-formål etter konkrete vurderingar.

Å sikre ei berekraftig og framtidretta forvaltning av området er utfordrande. Planprosessen skal syte for at kommunestyret sitt endelege vedtak er bygt på brei medverknad og eit grundig kunnskapsgrunnlag.



### 3 Mål for planarbeidet

Arealplanen skal skape føreseielege rammer for framtidig arealbruk i området. Planen skal legge til rette for lokal utvikling og ivareta nasjonale målsettingar.

Overordna mål nedfelt i samfunnsplan for Sykkylven (2023):

- Sykkylven er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.
- Sykkylven har eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar.
- Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggerane
- Sykkylven kommune leverer tenester av god kvalitet tilpassa innbyggerane sine behov og innanfor berekraftige økonomiske rammer.
- Sykkylven er ein attraktiv kommune å bu i.

FNs berekraftsmål er delt i tre dimensjonar; klima og miljø, sosial tilhøve og økonomiske tilhøve.

I Nysæterområdet ser vi desse dimensjonane i behovet for å ta vare på verdifulle naturkvalitetar, ta vare på området som ålmenn arena for friluftsliv og fysisk aktivitet, samtidig som naturkvalitetane er eit grunnlag for utvikling av eit berekraftig naturbasert reiseliv samt lokalt næringsliv som tilbyr tenester i området.



### 4 Prosess

Planarbeidet vil strekke seg over 2024. Tidspunkt for slutthandsaming i kommunestyret vert avhengig av innspel undervegs i prosessen, eventuelle motsegner for offentlege styresmakter og anna som kan gjere at ein får behov for to høyringar.



Proessen vil gå gjennom fire hovudfasar, illustrert med kvartalsvise hovudtema i figuren til høgre.

Oppbygging av eit godt kunnskapsgrunnlag er første trinn. Saman med brei medverknad legg ein grunnlag for utarbeiding av planutkast, som gjennom politisk handsaming blir vedtatt lagt ut til offentleg høyring.

Detaljar om innhald og tidsperspektiv går fram av figuren under.



## 5 Medverknad

Aktive innbyggjarar er viktig for å ta vare på felles verdiar og grunnleggande levekår i eit berekraftig samfunn. God medverknad er ein grunnleggande føresetnad for eit levande lokaldemokrati.

*Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.*  
(Plan- og bygningslova, kap 5)

Brukarundersøking, dialogmøter, bruk av sosiale media mm blir sentrale grep for å nå flest mogleg interessegrupper i området. Alle grupper blir invitert inn i planarbeidet på tidleg stadium.

Ungdomsråd, eldreråd, råd for funksjonshemma og barnerepresentanten blir invitert til deltaking i prosessen frå oppstart til ferdig plan.


Det blir invitert til plansamarbeid med skulane om framtidig utvikling av området. B

Næringsliv og frivillige organisasjonar blir invitert inn tidleg gjennom dialogmøter og deltaking i planprosessen.

Sektormynde blir involvert frå starten og får uttale seg offisielt ved milepælane i planarbeidet. Dialogmøter undervegs på spesifikke tema kan vere aktuelt. Kommune skal i samråd med sektormynde vurdere behov for møte i regionalt planforum undervegs i prosessen

## 6 Planområde

Planområdet er vist med stipla linje i kart under. Gjeldande plan er vist med fargekart. Utviding av planområdet i forhold til gjeldende plan er gjort fordi det gir betre moglegheit for ei meir heilskapleg vurdering av områda som naturleg soknar til gjeldande planområde. I tillegg legg det til rette for å inkludere Løypeplan for områda kring Nysætervatnet i planarbeidet.



## 7 Rammer for planarbeidet


### 7.1.1 Nasjonale forventningar

Planarbeidet skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Statlege planretningslinjer for ulike tema og nasjonale rettleiarar utdjupar og legg føringar for planarbeidet.

Gjennom **nasjonale forventningar** til regional og kommunal planlegging 2023-2027 samlar regjeringa mål, oppgåver og interesser som kommunane skal legge særleg vekt på i planarbeidet. Hovudfokus er knytt til:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnsikkerhet og beredskap

Regjeringa legg stor vekt på at FNs berekraftsmål vert lagt til grunn for kommunal planlegging. Kommunal innsats er avgjerande for at Norge skal nå nasjonale klimamål.



### 7.1.2 Regionale rammer

**Statsforvaltaren** presenterer årleg **sitt forventningsbrev** til kommunane der ein utdjupar og tilpassar nasjonale føringar til lokale tilhøve i Møre og Romsdal. Statsforvaltaren peikar på fleire tema med betydning for det føreståande planarbeidet, t.d. fokus på ei berekraftig arealforvaltning og bruk av plan som eit strategisk styringsdokument.

**Møre og Romsdal fylkeskommune** legg gjennom **Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal (2021)** regionale føringar for kommunane. Fylkesplanen, med sine underliggende delplanar og strategidokument, skal bidra til ei samordna og målretta utvikling for heile fylket. Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026 er særleg aktuell for planarbeidet.


### 7.1.3 Lokal arealstrategi

Lokal arealstrategi nedfelt i samfunnsplan for Sykkylven (2023):

Sykkylven skal ha ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte. Arealstrategien peikar på følgjande grep for å nå målsettinga:

- Ha god oversikt over arealbruk ved å lage arealrekneskap.
- Arealeffektiv bruk av eksisterande byggeareal og infrastruktur (transformasjon, fortetting).
- Legge til rette tenlege næringsareal ut frå noverande og moglege framtidige behov.
- Redusere omdisponering av dyrkajord.
- I alle planprosessar vurdere om eldre unyttta byggeareal er eigna ut frå dagens krav, eller om det skal førast tilbake til LNF-føremål.
- Forvalte sjøareala på ein berekraftig måte ut frå eigne interesser og i samarbeid med omkringliggende kommunar.
- Sikre viktige natur- og friluftsområde, grøntkorridorar og nærturområde.
- Sikre areal til samanhengande gang- og sykkelveggar.

#### 7.1.4 Løypeplan for områda kring Nysætervatnet



Friluftssenteret står for preparering av eit mfattande løypenett i området.

Løypeplan vart vedtatt i 2022 (PlanID 15282018002). Det er ein tematisk delplan som berre omfattar løypetraseane.

Planen vart laga ut frå behov for presisering og betre sikring av dei traseane som ligg i gjeldande kommunedelplan.

Ved rullering av kommunedelplanen for området vert løypeplanen innarbeida i ny plan.

## 8 Utfordringar og moglegheiter for Sykkylven

Relevante moment frå Samfunnsplan for Sykkylven (2023)

- **Motvirke folketalsnedgang.**
- **Gjere Sykkylven meir attraktiv for nye innbyggjarar.**
- **Vekst og utvikling for næringsliv.**
- **Omstille og tilrettelegge for nye arbeidsplassar.**
- **Utnytte potensiale for reiselivsnæring i kommunen.**
- **Skape ein berekraftig kommune i tråd med FN's berekraftsmål.**
- **Klimatilpassing – tryggleik for følgjer av klimaendringar.**

## 9 Viktige tema i planarbeidet

### Berekraft som gjennomgåande tema.

Området er under stort utbyggingspress. Planarbeidet må sikre ein **berekraftig arealbruk** som tar vare på naturverdiar og kvalitetar ut frå eit klima- og naturperspektiv. Reint vatn og ein levande natur er avgjerande verdiar for planområde.

Planområdet er eit regionalt viktig område **friluftsliv**. Sunnmørsalpane skiarena er ein viktig aktør gjennom drift av alpinanlegg og køyring av skilløyper.

Planprosessen må utgreie **folkehelseperspektivet** som ligg i natur som grunnlag for lågterskel aktivitetstilbod, tilgjengeleg for alle. Naturen som møteplass, inkludering og motvekt mot utanforskap.

Det er stor **hyttebygging** i området, og det er potensiale til vesentleg auke med utgangspunkt i dagens avsette utbyggingsområder.

Hyttebygging skal vurderast i eit berekraftsperspektiv. Sentrale vurderingstema er arealbruk, byggutforming, terrengtilpassing, materialbruk, lysbruk, avløpsløyser, mm.

Framtidig hytteutbygging må vere slik at ein ikkje bygg ned dei kvalitetane som gjer området verdifullt og attraktivt.

I planarbeidet skal **arealreservane** i gjeldande plan kartleggast og vurderast.

Utgangspunktet i planarbeidet er å ikkje auke arealet avsett til fritidsbustadformål. Ei omdistribuering av utbyggingsareal kan vurderast i prosessen.

Prosessen kan også vurdere retningslinjer for vidare utbygging innanfor eksisterande byggeområder.

Området er viktig **beiteområde for husdyr**, noko som skal vurderast særskildt i planarbeidet.

Område sine kvalitetar som grunnlag for eit **berekraftig næringsliv** skal utgreiast i samspel med reiselivssatsinga i kommunen.

**Samfunnstryggleik** skal utgreiast for planområdet.

Planprosessen må drøfte **drikkevassomsyn** og **avløpssituasjonen** knytt til utbyggingsområda.



## 10 Konsekvensutgreiing - utgreiingsbehov

Planen fell inn under *Forskrift om konsekvensutredningar*. Formålet med forskrifta er å sikre at omsyn til miljø og samfunn blir vurdert i planarbeidet. Alle forslag om nye byggeareal skal vurderast for konsekvens for ei rekkje tema. Det skal og gjerast greie for den samla verknaden av planen for dei same tema.

Naturverdiar – kvalitetar Samanstilling av eksisterande kunnskap, evt. Nykartlegging må vurderast.

Vassmiljø – kartlegging av miljøtilstand i Nysætervatnet er gjennomført i 2023.

Arealrekneskap for planområdet må utarbeidast.

Tabellen under gir oversikt over tema, kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov.

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Utgreiingsbehov
Naturmangfald/BM	Naturbasen/GisLink/artskart/økologisk grunnkart.	Det er meldt inn behov for naturtypekartlegging i regi av miljødirektoratet.
Vassmiljø	Undersøking av vasskvalitet i Nysæter-vatnet er gjennomført i 2023. Rapport er venta i løpet av november 2023.	
Landskap	Landskapsanalyse frå tidlegare planprosess kan nyttast i planarbeidet.	
Jordressursar	Arealressurskart/NIBIO - Kilden Kjerneområde landbruk	Arealrekneskap – utarbeide før-status og verknad av plan
Skogressursar	NIBIO Kilden - Skogportalen	
Lausmassar og mineralske ressursar	NGU/GisLink	
Forureining og støy	GisLink / Mdir / Statens vegvesen	
Kulturminne og kulturmiljø	GisLink/Askeladden/Sefrak Lokal kulturminneplan (under arbeid)	
Samfunnstryggleik Klimaendringar Skred- og flaumfare Overvasshandtering	GisLink/NVE-kartinsyn Naturfarekartleggingar frå tidlegare planprosessar. Div. rettleiarar frå NVE	Særskildt vurdering av auka risiko knytt til overvatn som følgje av klimaendringar. Det må vurderast om omsyn til endra klima fører til behov for oppheving eller endring av gjeldande planar.
Klimagassutslepp	Miljødirektoratet, Klimakost-asplan.viak,	Utgreiing av klimakonsekvens av byggeområde/plan
Friluftsliv	Løypeplan for områda kring Nysætervatnet (2022).Kunnskapsgrunnlag frå tidlegare planprosess.GisLink/Naturbase/kartgrunnlag	Supplerande kartlegging av friluftslivets ferdselsårer
Teknisk infrastruktur, inkl drikkevatt	Kartgrunnlag Anleggeigarar	Kartlegge private drikkevasskjelder og avløpsanlegg
Folkehelse	Folkehelseoversikt, Folkehelseprofil og Oppvekstprofil FHI, Ungdata, Folkehelseundersøking, Innbyggjarundersøkingar, mm.	